

Mål for ny leiari: Uskedalsrevy til hausten!

03.03.2009



Morten Stensletten Eik framfor ungdomslags-veteranar på Helgheim-veggen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vil det lukkast Uskedal Ungdomslag å vekka til live att stolte teater-og revytradisjonar og presentere ein bygdarevy til hausten?

Det er i alle fall målsettinga til den nyvalde leiaren, Morten Stensletten Eik (27), som satsar på å få meir fart i laget.



Spelarar i komedien, «Lars Anders og Jan Anders og borna deira.» Sitjande frå venstre: Harald Sunde og Anne Gurine Bringedal. Ståande bak: Geir Eik, Kristian Bringedal, Kirsten Rød, Solbjørg Eik, Gunnvald Friheim, Ivar Kåre Døssland, Inger Lise Eidsvik, Inger Johanne Rød, Edvin Kjærland, Bjørgulv Eik, Margit Eik.

I 1978 spela ungdomslaget komedien "Lars Anders og Jan Anders og borna deira". Då vart dette biletet teke. Foran sit Harald Sunde og Anne Gurine Bringedal. Ståande bak er Geir Eik, Kristian Bringedal, Kirsten Rød, Solbjørg Eik, Gunnvald Friheim, Ivar Kåre Døssland, Inger Lise Eidsvik, Inger Johanne Rød, Edvin Kjærland, Bjørgulv Eik og Margit Eik.

Morten er sterkt arveleg belasta. Far Magne har lang tenestetid bak seg i ungdomslaget og også han har vore leiari der. Det er femte året Morten sit i styret og no sa han endeleg ja til å bli leiari. Den nye leiaren er utdanna lastebilmekanikar, men dreiv med avisdistribusjon før han fekk den noverande jobben sin i Rosendal Båt og Motor.

- Hvis bygda ynskjer det, vil vi starta ei teater- og revygruppe og difor vil eg snarast ha kontakt med folk i og utanfor bygda som vil vera med, seier Morten til uskedalen.no i ei kveldsstund i Helgheim.

Der sit kulturtradisjonane i veggane og Morten gler seg med oss over at det er teke eit stort løft med oppussing og vedlikehald dei to siste åra. Men det stoppar slett ikkje der – nye løft må takast i tida som kjem.

- Kva slags folk vil du så ha tak i til teater- og revygruppa?

- Eg vil ha kontakt med så mange som mogeleg frå alle grupper. Aldersspennet kan vera frå ungdomsskulen og oppover utan øvre aldersgrense og med omsyn til erfaring og bakgrunn set vi sjølv sagt ingen grenser. Med andre ord er alle som er interesserte hjarteleg velkommen.

Med omsyn til arbeidsoppgåver tenkjer vi først og fremst på ein revy. Det er på tide at også Uskedalen får ein god bygdarevy att. Men vi er også opne for utviding til teater etter kvart.

Dei interessaerte kan ta kontakt med meg, fortrinnsvis på mailadressa eikmorton@hotmail.com men også på telefon 900 82125. Vi set ikkje nokon innmeldingsfrist, men tek sikte på ein samling i slutten av mars. Ikkje minst er det viktig å knytte til seg to-tre dyktige forfattarar og ein røynd instruktør i eller utanfor bygda.

Dansetradisjonane er også sterke i ungdomslaget og den nye leiinga planlegg eit dansekurs tidleg i april for 4. klasse og oppover. Det vil skje i samarbeid med Rosendal lyd og lys som er ein dyktig partnar i diskoteket for dei unge og som har tre flinke dansarar som kan instruera i hiphop-sjangaren. Det blir kurskveld ein gong i veka.

- 21. mars skal vi ha vår vanlege diskotek-kveld for unge frå første til sjuande klasse og då vil dei tre visa kva dei kan – med innmelding etterpå. Vi set ikkje i gang før vi har minst 10 på lista. Blir dette ein suksess, kan vi også tenkja oss fleire dansekurs, seier Morten som held fram:

- Medan eg har sjansen, vil eg også koma med eit hjartesukk: Vi er få i laget og treng foreldre som diskotek-vakter – hovudsakeleg til gruppa frå 4. til 7. klasse.
- Det er gjort ein freistnad med diskotek også for 8. og 9. klasse og neste gong utvidar vi dette til heile ungdomsskuletrinnet.
- Det siste halvåret har frammøtet til gruppa fra 1. til 7. klasse forresten vore svært bra.
- Kva med tradisjonelle Helgheim-arrangement som basar og pensjonistfest?
- Vi har ikkje hatt kapasitet til å satsa på desse i dei siste åra og eg veit ikkje om vi får det i tida framover heller.

Av Ola Matti Mathisen